

Styremøte i Sogn og Fjordane Sau og geit

11-12 april på Quality Hotell Sogndal

Til stades:

Halvar Espeseth

Eva Høydal

Lars Nesse

Mirjam Friberg

Lene Engvik Rasch

Ragnhild Sæle (kasserar)

Sak 16/11 Referat og meldingar

- Godkjenning av referatet frå sist. Lars N. og Mirjam F. hadde ikkje fått referatet, men det er retta opp no.
- Landsmøtet 2011: Frå styret møtte Lars N. og Halvar E. Tom Idar Kvam møtte som vara, og Kjell Mardal blei med då det ikkje var fleire av varaene som kunne møte.
- Lokallag kan melde frå til NSG for å få kode til å lage eigen heimeside.
- Lars var på møte om organisert beitebruk 29.03.11. Ynglande jerv var eit av tema: Det kan bli pålegg om fleire ynglingar i område som kan berøre Sogn og Fjordane. I tillegg er kongeørnbestanden på veg opp.

Sak 17/11 Val av avlsutval sau

Audun Nedrebø: leiar

Lars Nesse

Kjell Mardal

Johannes Nedrebø

Odd Vonen: 1.vara

Sak 18/11 Val av gjeterhundnemnd

Vedtak:

Gjeterhundnemnda består som den er:

Jan Kåre Ravnøy (leiar)

Margrethe Garlid

Kurt Magne Fardal

Lene sender vedtaket til Jan Kåre Ravnøy.

Sak 19/11 Arbeidsfordeling

- Årsrapport og tillitsverv i lokallaga skal registrerast og sjekkas. Dei tillitsvalte skal førast inn og rapporteras til NSG. Lars, Halvar, Mirjam og Eva ringer rundt til dei som ikkje har levert, og Lene registrerer og rapporterer til NSG.
- Me diskuterte kva ein kan gjere for å få opp lokallag som ligg delvis nede, og at det er viktig å ha god kommunikasjon med lokallaga. Dette kjem me attende til på eit anna styremøte.
- Det er viktig for styret å halde seg oppdatert om kva NSG sentralt legg vekt på.

Sak 20/11 Rovvilt. Nedskjeringar i FTK til FM

- Lars N. orienterte: Region 1 har årleg hatt 1,5 mill til disposisjon til FTK (førebyggjande tiltak). DN deler ut pengane via fylkesmannen. No går dei ned til 1 mill. Sogn og Fjordane sit att med 355000 + 100 000 i reserve. Ein av grunnene til dette er at *Rovdata* har fått noko av potten.

- Han orienterte og om at jervejakta hadde vore vanskelig på grunn av dårlige sporingsforhold, og om observasjoner av bjørnen som har vore i Lærdal.

Vedtak:

Me vil påverke NSG sentralt til auke potten i revidert budsjett. Dette for å veie opp for den delen av potten som no har gått til Rovdata. Lars og Lene skal skrive brev. Lars tek kontakt med Merete Støfring i Bondelaget, som jobbar med det same.

Sak 21/11 Reiserekningar og rekneskap

- Ragnhild Sæle gjekk igjennom og forklarte reiserekningane. Ho minna om at me må sende inn reiserekningane for 1. halvår innan 10 juli, og levere inn skattekort.
- Annonsar og pris på annonsar i årsmeldinga blei diskutert.

Sak: 22/11 Agro Nord Vest / Leiarsamling 3. – 5.nov

Hotell Alexandra i Loen.

Det skulle fremjast forslag om fagtema til samlinga.

Vedtak:

Me kom fram til desse forslaga:

- Rovdyr og beitebruksplan
- Avl på sau og geit (Med foredragsholdar Thor Blickfeldt)

Sak: 23/11 Bjelleslips Kva meiner vi om det?

NSG si offisielle anbefaling til bruk av bjelleslips er dei same som for fosterteljning. Det vil seie at fargane raud, grøn, eventuelt gul, og blå vert nytta.

Vedtak:

Me er positive til å nytte bjelleslips. Det er også tradisjon for dette i deler av Sogn og Fjordane. **Men:** Grøn og blå er særst vanskeleg å skilje i terrenget. Ein bør difor berre bruke ein av desse fargane.

I Indre Sogn bruker ein del bønder desse bjelleslipsa:

0 lam: ingen farge

1 lam: gul

2 lam: raud

3 lam: grøn

Eventuelt kan dei med to lam gå utan slips, og dei med 0 lam ha i staden.

Lene skal sende styret sitt forslag til Kari Anne i NSG.

Sak 24/11 Leigeprisar på geitemelk.

Eva orienterte om forslaget til ny kvoteordning for geit.

- Denne forskrifta opnar for å oppheve kravet om minst 5 års leigetid.
- Leigeprisen har stige dei siste åra, og varierar mellom ca 1- 3 kr.
- Leveransekravet ved gjenopptaking av mjølkeproduksjon blir foreslått fjerna.

Vedtak: Me støttar skrivet frå friskare geit. Dette inneber:

- Etter 5 år med utleige bør kvoten seljast, produserast på garden, takast inn i samdrift, eller leggast sovande.
- Me ynskjer maxpris på leigepris på mjølk. Det skal ikkje vere mogleg vere kvoteleigar og utleigar samstundes.
- Leveransekravet må framleis gjelde for geitemjølkkvote som er lagt sovande.

Eva og Lene skriv brev til NSG sentralt og Tine.

Sak 25/11 Arbeidsplan

Me gjekk igjennom arbeidsplanen som blei utdelt på førre møte. I tillegg til det som allereie sto her, blir det fjelldag i Askvoll, og geitedag i Sogn. Oppfølgingskurset for nye småfehaldarar blir lagt til leiarsamlinga. Oppfølging av lokallag er eit viktig punkt me var einige om å kome tilbake til.

Sak 26/11 Ymse

- Styret utnemner Tom Idar Kvam til kontaktperson for kadaversøk

- Eva H. reiser til Troms på geitedagane
- Styret ynskjer ein lagsperm

Ref. Lene E.Rasch